

Fra: Fremtidens helsetjeneste
Sendt: 18. januar 2011 14:57
Til: post@austrheim.kommune.no
Emne: Ditt hørings svar, Samhandlingsreforma -Høyringsuttlae til forslag til ny folkehelselov og ny lov om kommunale helse og omsorgstenester, er mottatt

Dette er en bekreftelse på at vi har mottatt ditt hørings svar på temaet Generelle hørings svar.

Samhandlingsreforma -Høyringsuttlae til forslag til ny folkehelselov og ny lov om kommunale helse og omsorgstenester
Austrheim kommune

Samhandlingsreforma- Høyringsuttale til forslag til ny folkehelselov og ny lov om kommunale helse og omsorgstenester.- Nasjonal helseplan..

Viser til høyringsbrev av 15.12.10 der HOD sender forslag om det aktuelle på høyring med svarfrist 18.01.11.

Dei nye lovane skal erstatte Sosialtenestelova og, kommunehelstenestelova og lov om fylkekommunene sine oppgåver i høve folkehelsearbeidet.

Lovforslaga er tenkt fremma som lovproposisjonar våren 2011 og å ha verknad frå 01.01.12

Ny nasjonal helseplan vert fremma som Stortingsmelding våren 2011.

Saksbakgrunn

Saman med NAV og pensjonsreformene er samhandlingsreformen eit tiltak for å sikre ei bærekraftig nasjonal utvikling med omsyn til ressurser både økonomisk og personellmessig. Auken i forbruk må begrenast.

Eit siktemål er å utjevne ulikskap i helsetilhøva og alle skal ha eit likeverdig tilbod.

Reformen er i hovudsak ein kommunebasert reform:

Tiltak må fokusere på betra livskvalitet gjennom fokus på helsefremjande og førebyggjande arbeid både på nasjonalt-, fylkes- og særlig kommunalt nivå.

Dette gjeld både grupperetta forebyggjande arbeid gjennom fokus på trivsel, psykisk og fysisk helse i alle ledd og gjennom alle sektorer i den offentlege forvaltningen kvar for seg og i samarbeid gjennom mellom anna

Planstrategi (frå 2011) samt overordna og deltaljplaner på alle nivå.

Folkehelse vert eit kommunalt ansvar - ikkje berre for kommunehelsetenesta og kommuneoverlegen.

Men det vert og krav om individretta forebyggjande tiltak ned på eit pro-aktivt nivå med fokus også på dei som ikkje søker hjelp el tenester (rus-psykiatri er eit satsingsfelt)-mellom anna i skjerpa krav til fastlegane.

På den kurative sida vil ein dempa særleg veksten i bruk av sykehustenester ved at ein større del av helsetenestene vert ytt av kommunehelstenesta,-men ein forutsett like god eller betre kvalitet og kostnadseffektivitet.

Utgreiing, behandling og pleie skal skje nærast mogeleg brukaren.

Det vert krav om skriftlege samarbeidsavtaler mellom helseforetaka og kommunane basert på likeverd mellom partane og for å sikre lik og omforeint praksis.

Kommunene skal ha eit "sørgje -for"-ansvar med omsyn til tilbod både i omfang og kvalitet på helse- og omsorgstenestene.

Eit mål er redusert press i 2.linjetenestene mellom anna ved å begrense tal sjukehusopphald. Dette krev samarbeid om lokalmedisinsk sentra, akutt-plasser i sjukeheimane før mogeleg innlegging, plass-kapasitet til å ta imot utskrivingsklare pasientar, styrking av fastlegetilbodet, sjukeheimslegedekning og monaleg fleire i pleie-og omsorgstenestene både i sjukeheimene og i heimesjukepleietenesta, betra rehabiliteringstilbod og andre støttetjenester lokalt, men også eit forsterka samarbeid med 2.linjetenestene- auke ambulant service, kortare ventetid på spesialistvurderingar osv.Spesialisthelsetenesta si vegleiingsplikt vert også viktig

Ein må definere funksjonskrav (kvalitet og kvantitet)- i tenestetilbodet.

Ny Lov om Helsepersonell skal no gjelde alle som yter tenester etter den nye lova-

Lov om pasientrettar ivaretek samla rett for pasientar/brukarar.

Tenelege IKT system vert avgjerande og må etablerast for rask og sikker kommunikasjon mellom alle involverte parter både for utveksling av pasientrelatert informasjon, men også administrativt på alle nivå.

Likeeins vert det behov for kvalitetsindikatorer, statistikktilgang, registreringer og forskning - i aukande grad med fokus på kommunane .Likeeins må utdanninga i helse og sosialfag få relevans for kommunetenestene ettersom fleirtalet av nyutdanna vil få sitt arbeid her.

Høyringsuttale frå Austrheim kommune:

-Samhandlingsreforma siktar mot å gje brukar/pasient betra tilbod på alle niva inkl auka forebyggjande tiltak og med særskilt fokus på rehabilitering, rus, psykiatri og behandling i primærhelsetenesta for å redusere bruken av sjukehustjenester.

Austrheim kommune er positiv til dette.

-Oppgåvene krev auka ressurser både til personell og struktur. Kommunen krev at desse tilhøva vert grundig utgreia og at alle nye oppgåver vert fullfinansierte av staten.

Staten må sikre personelltilgang gjennom mellom anna å sikre utdanningskapasitet og kvalitet opp mot kommunehelsetenestene.

Austrheim kommune krev at staten arbeider vidare for ei felles IKT løysing som skal gjelde alle - også private aktører. Kommenens utgifter må verte dekkja båd i etablering og drift.

Ein krev at ansvar og oppgåver vert klart definerte i lovane. Eksisterande tilbod må ikkje byggjast ned i spesialisthelsetenestene før betre tilbod er etablerte i kommunen.

Likeverd i samarbeidet mellom nivåene må sikres i lovtekst.

Arbeid med forskning, oversikter, registrering, vegleiing må systematiseres i kommunane og personell må utdannes til leiing og administrering av dei auka ansvarsområdene for å sikra prioritering og dimensjonering av tenestene. Staten må få eit definert hovusansvar for å sikre dette og sørge for finansiering også her.

Austrheim 30.12.2010

Jan Olav Osen
Peter Kubon
Rådmann
Kommuneoverlege

18. januar 2011 15:57

Svaret kan leses her
Du er registrert som:
Brukertype: Privatperson
Navn: Austrheim kommune
Brukernavn: Austrheim kommune
E-post: post@austrheim.kommune.no
Adresse: 5943 Austrheim